



Av Marie Nicolaisen

Cowboyens kveldssong

Den lovlauses kveldssong

«The American West», eller «Det ville vesten» som er eit meir passande uttrykk på norsk, er ein viktig del av den store forteljinga om Amerika. Både Det ville vesten og innbyggjararar er gjort levande og kjent igjennom ulike medium – som bøker, bilete, film og musikk og er atkjennelig for dei fleste nålevande generasjonar. Og Det ville vesten fascinerer, inkludert for under-teikna som er oppvaksen med tv- serien *Bonanza* kvar laurdagsmorgon i unge år og *Sølpilen* teikneseriehefte etter far og tante. Framstillinga av Det ville vesten, i tv-seriar, litteratur, song og film er i mange tilfelle romantisk, og samtidig lovlaust og dramatisk. Det har klare visuelle preg og eit stereotypisk persongalleri. I denne teksten vil eg å sjå nærmare på min eigen, og eg vil også påstå, mange andres fascinasjon ved å gå nærmare inn på denne romantiserte og stereotypiske framstillinga, og særleg ved å sjå på det lovlause livet slik det kjem til uttrykk i relativt moderne songtekstar.

Før vi går vidare vil eg nemne at det følgjande er ein tekst som har levd lenge i hovudet mitt, og som er eit fyrste forsøk på å setje nokre idear, som kanskje berre er i hovudet mitt, til papir og tekst.

Framstillinga av Det ville vesten

Framstilling og forteljinga av og om Det ville vesten, både litterært, musikalsk og filmatisk, er godt kjent for dei fleste generasjonar. Geografisk finn desse framstillingane ofte stad i Sør- eller Midtvesten av USA. Omgrepet «The American West» er også knytt geografisk til denne regionen og er eit fellesomgrep, geografisk som kulturelt knytt til ekspansjonen og nybyggjarbusetjinga vestover på det nordamerikanske kontinentet på 1700- og 1800 talet. Forteljingane har ofte eit stereotypisk persongalleri; med hardarbeidande cowboyar, indianarar (snille og slemme) og gledespiker som gjengangerar, samt personligdommar knytt til samfunnet dei lever i – sheriffen, salooneigaren og kan-

skje ein handelsbetjent. Eit godt døme på desse stereotypane finn ein i Penthouse Playboys sin musikkvideo av ei nyinnspe-ling av Bjørn Borg-klassikaren *Balladen om Morgan Kane*. I denne musikkvideoen møter vi store delar av dette persongal-leriet, spelt av kjende personar frå norsk samfunnsliv (som Aslak Nore som «The Fistfighter», Kjartan Fløgstad som «The Sheriff» og Ari Behn som «The Killer.») Scenografien er også attkjennelig og som henta ut frå ein westernfilm. (Musikkvide-oen er spela inn i Morgan Kane-landsbyen på Tusenfryd.) Framstillinga av dette sam-funnet, i Morgan Kane musikkvideoen og elles, er i stor grad kvitt og mannsdominert (då med unntak av indianarar, ein og annan mexicanar samt gledespike og kanskje ei prestefrue).

Historikaren Patricia Nelson Limerick viser i boka si *The Legacy of Conquest – The unbroken past of the American West* – korleis denne mytolo-giseringa har vore gjeldane frå slutten av 1800-talet, og viser blant anna til den amerikanske historikaren Fredrick Jackson Turner si framstilling av «The American West.» i *The Significance of the Frontier in American History* frå 1893, der kvite, engelsktalande menn var stjernene i histo-ria, medan indianarar, mexicanarar, asiatar, fransk-kanadiarar og kvinner var statistar, om dei er ein del av historia i det heile. Limerick viser vidare i boka korleis sam-funnet ein fann i nybyggarsamfunna var særers multikulturelle (som i resten av USA) og at kvinner, i og utanfor bordella, hadde ei viktig rolle. Limerick argumenterer for at Turner med si tese er med å romantisere, og mytologisere Det ville vesten og viser blant anna kor sterkt denne mytologise-ninga står ved å vise til korleis barn leikar «cowboy og indianar», medan få leikar



Kjartan Fløgstad som The Sheriff

«slave og plantasjeeigar.»

Det lovause vesten

Ein viktig del av forteljinga om Det ville vesten, og den vestlige ekspansjonen var, og er som del av siviliseringsprosessen av USA: Den vestlige verda med det moderne, kvite mennesket mot dei primitiv-ve og ville indianarane (eventuelt mexica-narar) og den ville naturen. Samtidig er det lovause og ville livet vesentleg i mange framstillingar. Blant dei best kjente og mest mytologiserte figurane frå Det ville vesten, som Billie the Kid, Jesse James og Cole Younger. Dette er lovause menn kjente for raning av tog, bankar og drap. Livet i nybyggarsamfunna må ha vore hardt særleg med tanke på naturkrefter og harde naturlege omgjevnad og lovgjevinga frå Washington hadde nok ikkje same kraft som i meir urbane og austlige delar av USA, og dette verka mykje truleg inn på både dei som vaks opp og levde her, og det

måtte nok også ha trekt til seg eit visst type persongalleri.

Det lovlause er sterkt til stades i ulike framstillingar, dei siste åra har ein til dømes sett det i tv-seriar som *Hell on Wheels*, og *Deadwood*. Samanhengen mellom lovløyse og cowboylivet ser ein også i den norske dokumentarserien *Fjorden Cowboys*, om to entreprenørar frå Hardanger som lever, om ikkje på kant med loven så kanskje ganske så nært ein kan kome lov-



Fjorden Cowboys

løyse i dagens Noreg. Til dømes stel dei i 2. episode av den fyrste sesongen av serien attende ein båt som ikkje er betala for i staden for å gå rettens veg. Det estetiske, og musikalske, i denne serien spelar opp om westernmytologien, og hovudpersonane Lothepus (Leif Einar Lothe) og Joar Førde er kledd i cowboyhatt og frakk i introen til og i blestinga av serien. Serien har vorte enormt populær, og ein av årsakene kan vera at den skildrar dette livet så nært opp mot det lovlause og langt vekk frå det konforme dagliglivet dei fleste lever i Noreg i dag.

Sonora's Death Row

Avslutningsvis skal eg sjå på korleis lovløyse kjem til uttrykk i songtekstar i den folkelege, og kommersielle musikktradisjonen som har vore eit av media som har vore med å skape bilete av Det ville vesten. Som nemnt i innleiinga er denne teksten eit fyrste forsøk på å legge fram dette emnet og fokuset er difor i hovudsak berre på songen *Sonora's Death Row*, skrive og spela inn fyrste gong på 1970- talet av den californiske låtskrivaren Kevin Farrel, og som etter dette har vorte spela inn av mange i country- og westernmiljøet.

Song- og musikktradisjonen som er med å framstille Det ville vesten er i all hovudsak knytt til country- og westernmusikken. Dette er ein musikktradisjon som vaks fram i det rurale, sørlege USA på starten av 1900-talet med utgangspunkt i folkemusikk frå det sørlege og vestlege USA og Canada, influert av blant anna europeisk folkemusikk, gospel, blues og populærmusikk frå perioden. Countrymusikk har i dag mange underkategoriar, og har spreidd seg lang utover det nordamerikanske kontinentet si grense. Tekstane er varierte, men cowboyen er ein viktig gjennomgangsfigur, sjølv om han i moderne versjonar kanskje har bytt ut hesten sin med ein bil. Den lovlause figuren er også tilstade, i viser om historiske figurar som Jesse James, Cole Younger, og Billy the Kid. Forteljinga som vert fortalt i *Sonora's Death Row* handlar ikkje om ein konkret lovlaus figur, men som eg vil prøve å vise under, heller om den lovlause tilstanden som vert romantisert.

Plottet, fortalt i 6 vers, er som følgjer: Hovudpersonen, ein namnlause cowboy, rir ein laurdagskveld saman med sine arbeidskameratar til Sonora, ein by i ein mexicansk grensestat som ifølge

forteljaren har det beste ein laurdagskveld kan by på: «Saturday nights in the town of Sonora are the best in all Mexico / They've got guitars and trumpets and sweet senoritas who won't want to let you go». Målet er Amandas saloon, der mescalen (tequila) er gratis for han og hans arbeidskameratar. Kvelden byrjar godt – med villige jenter, mescal, whisky og sigarar. Men, som ein ofte må på ein fuktig laurdagskveld, går forteljaren ut for å trekkje luft. Her vert han rana, og fråtatt pengar og pistol. Då han vaknar att går han til hesten sin og finn rifla si før han går inn igjen. Der han ser at kameratane kastar rundt både pengane og våpenet hans. Full av sinne skyt han ein av kameratane sine. Han oppdagar etter dette til si forstrekking, at ingen har tatt verken pengane eller pistolen hans og at det heile var «nightmare of mescal». Songen avsluttast med at forteljaren sit på cella si og høyrer korleis galgen blir testa utanfor vindauget, og ynskjer å vera attende i Amandas saloon.

Visa handlar om eit kameratdrap, utført i alkoholrus og kan på mange måtar setjast i samanheng med «murder ballads», eller skafottsongtradisjonen, gjort kjent blant anna av Johnny Cash og Nick Cave, samt Audun Kjus her i Noreg med sitt musikalske prosjekt *Siver nattmann – siste ord og tanker*. Men, det lovause ville vesten kjem også sterkt til uttrykk i visa. Protagonisten er ein typisk cowboy – ridande til hest, synlig væpna, han drikk whisky og tequila og går på saloon med dansande damer. Det interessante, som eg meiner skil visa frå mange av visene i skafottsongtradisjonen og der det lovause særleg kjem fram er med det siste verset:

A nightmare of mescal is all that it was for
no one had robbed me at all

I wish I was dreaming the sound of the gal-
lows they're testing just outside the wall
The mescal's still free at Amanda's saloon
for the boy's from the old Broken O
I'd give a ransom to drink there today and
be free of Sonora's death row

Forteljaren viser ikkje anger for det han har gjort, han snur seg ikkje mot Gud for tilgjeving. Han ynskjer seg eine og aleine tilbake til saloonen, mescalen og det lovause livet.

Frank James Farewell

Artisten Michael Martin Murphy har gjort ei innspeling av *Sonora's Death Row* på plata *Cowboy Songs III* frå 1993 og på denne plana finn ein også songen *Frank James Farewell*, skrive av Hal Ketchum. Frank James var bror av den legendariske lovause Jesse James. Frank var som bror



Jesse James

sin også lovlaus og dei livnærte seg på blant anna tog- og bankran. Songen handlar om Frank James tilbakeblikk på livet på dødsleiet. Refrenget går som følgjer: «Tonight I can hear Jesse calling / and tonight we will ride once again / I believe I have seen my last sunset / I believe I have jumped my last train / I believe I have jumped my last train». På dødsleiet ser Frank seg sjølv forreina med den døde bror sin, og at dei skal ri saman igjen. I overført tyding kan ein forstå dette som ikkje berre å ri ein tur saman, men også til det lovause livet på hesteryggen. Det lovause livet Frank James har levd kjem også fram med siste linja i refrenget, som også blir gjenteke: «jumped my last train» som viser til tograninga. Dette vert også understreka i det andre verset av songen; «Engineers would shutter at the mention of our name», som viser til frykta lokførarane hadde for dei to brørne.

Denne teksten er som nemnt i innleiinga eit forsøk på å konkretisere tankar om den lovause figuren som figurerer i førestillingane om Det ville vesten og då særleg igjennom songtekstar. Dei to musikalske døma som er nytta er to av mange, og målet er å med ei ytterlegare konkretisering og eit meir handfast teoretisk grunnlag å kunne fortsetje arbeidet med denne tematikken på eit eller anna vis. Interesse for stoffet står det ikkje på, og som til dømes populariteten til tv-serien *Fjorden Cowboys* viser, lever fasinasjonen om det lovause livet vidare. Om ein ser på eit anna populært, om noko annleis tv-fenomen – Jarle Andøys eventyr til sjøs, kanskje meir på kanten av loven enn Lothepus og Joar sine liv i Sørfjorden – kan ein spørje seg om interessa og populariteten til desse programma ikkje berre har samband med eit ynske om å leve litt mindre konformt og litt meir vilt, på kanten av loven og naturen?

Litteratur og referansar:

Patricia Nelson Patrick: *The Legacy of Conquest- The Unbroken past of the American West*. W.W Norton and Company, New York 2006

Michael Martin Murphy: *Cowboy songs III*, Warner Bros 1993

Penthouse Playboys med Benny Borg: *Balladen om Morgan Kane*.
<https://www.youtube.com/watch?v=v4XIdXwoO4U>. 7.november 2015

Fjorden Cowboys – Vignette
https://www.youtube.com/watch?v=bplU1_14-8I. 7.ovember 2015